

Landsmøtet i Det norske Arbeidarparti 1933. Eit referat.

TRYGVE BØE

BAKGRUNN

I 1933 reviderte Arbeidarpartiet programmet sitt i moderat retning. Tanken om å gjera revolusjon blei lagd bort for godt, og partiet gjekk inn for å komma til makta ved hjelp av parlamentarismen. Landsstyret hadde alt mot slutten av 1932 sendt ut framlegg til nytt prinsippprogram til høyring i partilaga, og partilaget i Stavanger kom med innspel til dette. Lokalt i Stavanger kom det til ein debatt om denne programrevisjonen. Det blei utarbeidd eit eige framlegg som var venstreradikalt og framleis revolusjonært, i motsetnad til det som kom frå landsstyret. Dei venstreradikale her kom gjerne frå AUF-laget Østkanten Arbeiderungdomslag, med støtte frå legen Eyvin Dahl, som gjekk over til kommunistane etter andre verdskrig. På den andre sida hadde ein, som me skal sjå, også dei som støtta programrevisjonen, deriblant lektor, seinare rektor

og stortingspresident Gustav Natvig – Pedersen, som var formann i Stavanger Arbeidarparti på denne tida. Han ser ut til å ha vore mellom dei som gjekk inn for det framlegget som landsstyret la på bordet. Ein av grunnane til dette kan ha vore at ein annan Stavanger - mann, Nils Norheim, satt i landsstyret og hadde dermed vore med på å utarbeida denne programrevisjonen.

I 1933 var Gustav Natvig-Pedersen formann i Stavanger Arbeidarparti og i Stavanger Sosialistlag. I Sosialistlaget hadde framlegget blitt vedtatt utan merknader¹, og Natvig - Pedersen la fram forslaget også i styret i Stavanger Arbeidarparti. Her blei det gjort framlegg om heller å gå inn for det radikale framlegget, som altså kom frå Eyvin Dahl², og som var redaksjonelt utforma av ein komite sett saman av medlemmar frå Østkanten

Arbeidarungdomslag (heretter Østkanten AUL). Dette radikale framlegget kom til slutt til å få fleirtalet etter hard kamp, som også ga seg fysiske utslag, noko eg kjem tilbake til seinare. Ting tyder på at dei som stod på venstresida hadde gått hardhendt fram for å sikra seg fleirtalet, og Natvig - Pedersen hadde vore like konsekvent i sitt forsvar av landsstyret sitt framlegg. Men Natvig - Pedersen tapte altså i lokalpartiet, og i tillegg måtte han og dei andre som skulle delta på landsmøtet, reisa inn med bunde mandat til å røysta for det radikale programframlegget. Bunde mandat var blitt vedtatt med 64 mot 39 røyster, noko som kan tyda på at litt over 100 medlemmar hadde vore til stades under avrøystinga på medlemsmøtet 15. mai 1933³.

KVA SKJEDDE I STAVANGER I FORKANT AV LANDSMØTET?

I Stavanger blei det altså utarbeidd eit framlegg til eit alternativt, venstreradikalt prinsippprogram foran landsmøtet. I dette programmet gjekk ein m.a. sterkare inn for å innføra rådsforfatning etter modell frå Sovjetunionen, og måla om å gjera revolusjon blei haldne på. Som me skal sjå, var det i første rekke legen og den seinare kommunisten Eyvin Dahl som agiterte for dette. Men han hadde sine støttespelarar, særleg i AUF, og som me skal sjå, fekk han lokalt gjennomslag for å reisa til landsmøtet i 1933 med dette alternative, venstreradikale programmet i bagasjen.

Eyvin Dahl si rolle

Alt hausten 1932 la Eyvin Dahl på eit møte i sosialistlaget fram ei liste over punkt han ville ha inn i programmet for å endra dette i radikal retning. 27. september hadde Dahl eit foredrag i sosialistlaget med tittelen "Vår kommunepo-

litikk". I dette foredraget gjekk han ut over det reint kommunalpolitiske og gjekk inn for slikt som nærmare samarbeid med kommunistane og markering av revolusjonær politikk og haldning framfor "arbeidet for å gjøre det beste for arbeiderklassen ut av de foreliggende forhold"⁴. Dette tyder på at Dahl hadde lite sans for parlamentarisk arbeid, noko som vel viser seg klarare igjen seinare. I 1932 ga han inntrykk av at det viktige var å markera ein revolusjonær profil, og for Dahl var det slik at parlamentarisme var noko som skulle avskaffast. I tillegg ville Dahl ha den same medlemskapsordninga som kommunistpartiet hadde, med individuelt medlemskap framfor kollektivt.

Dahl fekk lite og ingenting støtte i sosialistlaget, men møtte motstand mellom anna frå parlamentarikarane i partiet, særleg Johs. Johnsen og landsstyreprerentanten Nils Norheim. Støtte for sitt program måtte altså Dahl få frå anna hald.

Tidlegare dette året var Østkanten AUL blitt stifta. Dahl var med på det aller første møtet og hadde også foredrag her. Han fekk dermed ei viss påverknadskraft i dette laget alt frå starten, og han kom også til å bli den mest brukte foredragshaldaren der. Dermed verkar det ikkje tilfeldig at den komiteen som utarbeidde det venstreradikale programforslaget kom frå nettopp dette laget. I allfall kom Dahl seinare til å støtta dette programforslaget, og det var, som nemnt, hans fortjeneste at medlemsmøtet i Stavanger Ap vedtok at utsendingane skulle reisa til landsmøtet med bunde mandat til å stemma for dette. Dahl vann altså fram lokalt i 1933, og han hadde som antyda støttespelarar i AUF. Likevel er det ein del som tyder på at denne programbehandlinga ikkje gjekk heilt demokratisk for seg.



Gustav Natvig - Pedersen
Foto: ArbArk



Eyvin Dahl
Foto: ArbArk

Natvig - Pedersen hadde gått ut mot måten møtet var blitt gjennomført på, og tok avstand frå den typen personlege oppgjer som hadde funne stad. Det er blitt sagt om Dahl at han kunne setta opptrinn i scene for å "ta" motstandarane, og dette kunne altså gi seg fysiske utslag. Når ein i tillegg kan mistenka dette programforslaget for å ha blitt utarbeidd av eit fåtal personar, kan det tenkast at Dahl såg dette opptrinnet som nødvendig. Redaktør Tjølf Oftung i 1ste Mai antyda for øvrig at det heile var ein aksjon frå ungdommen i partiet. Han uttrykte det slik: "Nå er det også ungdommen som setter sitt preg på alt parti-arbeidet. ... På den annen side kunne en også ønske en større aktivitet og interesse fra de eldres side." ⁵ Oftung hadde for øvrig tilrådd programforslaget frå landsstyret i ein tidlegare leiarartikkel.

SAKSBEHANDLING I STAVANGER ARBEIDARPARTI

Stavanger Arbeidarparti hadde årsmøtet sitt 29. mars 1933, og i årsmeldinga som låg føre til dette årsmøtet, gjekk det fram at framlegg til prinsippprogram hadde vore behandla. Framlegget frå landsstyret var godt kjend - alt rundt juletider i 1932 hadde 1ste Mai gjengitt det framlegget som då låg føre. Det går ikkje fram av årsmeldinga om det er dette som er blitt behandla, eller om laga i Stavanger alt då hadde komme med eit alternativt framlegg. Sannsynlegvis var det framlegget frå landsstyret ein her sikta til, noko eg skal komma tilbake til seinare. Heller ikkje er det nemnt noko resultat av denne behandlinga. Det var likevel tid til å senda endringsframlegg til det føreståande landsmøtet. Referatet frå årsmøtet fortel då heller ikkje meir om programrevisjonen enn dette. Først i mai månad blei programmet igjen diskutert, der ein på styremøte 5. mai også innstilte på delegatar til

landsmøtet. Dagsorden til landsmøtet blei behandla på det same møtet, etter at partistyret hadde avgitt si innstilling til delegatar til landsmøtet. Det ser ikkje ut til at dette møtet i partistyret har behandla denne saka så inngående som den seinare blei. Det kom likevel fram at partistyret ville ta atterhald om å stå fritt etter partistyret sitt vedtak om prinsippprogrammet. Omtrent slik står det i protokollen, og ein kan dermed tenka seg at det alternative framlegget alt var kjent, men og at ikkje alle i partistyret ville gå god for det.

10. mai var det nytt styremøte. Her fekk Dahl betre gjennomslag. Han føreslo at utsendingane til landsmøtet skulle gå inn for og leggja fram det forslaget som var vedtatt av Stavanger Arbeidarparti. Dette tyder på at det alternative programmet alt hadde vore behandla og på ein eller annan måte vedtatt, utan at det går fram av denne protokollen. Framlegget frå Dahl blei vedtatt mot tre røyster, noko som tyder på at han på dette møtet hadde folk med seg, om ikkje alle. Det blei elles vist til at partistyret tidlegare samrøystes hadde gått inn for rådsforfatninga.

Det at rådsforfatninga ikkje var nemnt i landsstyret sitt framlegg, blei for øvrig påpeika i ein leiarartikkel i 1ste Mai for 27. mars 1933. Redaktøren såg likevel ut til å bagatellisera dette, i det han og peika på at setningar frå det opphavlege Stavanger - framlegget var arbeidd inn, og han konkluderte med at det var grunn til å vera nøgd, om ein ikkje akkurat var einig i alt. Han rådde til å støtta landsstyret sitt framlegg, i det han såg det var grunn til å tru at det ville bli så godt som samrøystes vedtatt på landsmøtet. Programforslaget frå landsstyret si side var nok ein gong referert i avisa denne dagen, faktisk på den sida som

kom rett etter leiartikkelen.

Men som me ser, var ikkje Eyvin Dahl nøgd med dette. Likevel ser det ut til at møtet 10. mai, som heldt fram som eit møte med representantskapet i partiet, har behandla det programmet som låg føre frå landsstyret si side. Måten punkta og underpunkta er ført på tyder på akkurat dette - dei stemmer meir med punktinnendinga i framlegget frå landsstyret enn det dei gjer med dei som står i Stavanger - framlegget, sjølv om Peder Johannessen hadde gjort framlegg om å leggja det alternative programmet til grunn og fått dette vedtatt i representantskapet med 35 mot 27 røyster. Dahl føreslo etter dette at representantane til landsmøtet skulle reisa med bunde mandat til å gå inn for framlegget frå Stavanger, og fekk dette vedtatt med 33 mot 23 røyster.

Avgjerda var likevel ikkje formelt endeleg, for saka skulle og opp på medlemsmøte 15. mai. Medlemsmøtet gjekk mot 26 røyster inn for at Stavanger-forslaget skulle leggst til grunn. Det går ikkje fram av protokollen kor mange som deltok på dette møtet, eller om nokon røysta blankt. Ut frå dei tala me har her, kan me likevel anta at rundt 100 medlemmar hadde møtt opp. Dermed fekk ein dette vedtaket. Vidare blei Dahl sitt framlegg om bunde mandat vedtatt med 64 mot 39 røyster⁶. Dette møtet viser at ikkje alle stod bak dette programmet, men her kom dei som støtta Dahl i fleirtal og kunne dermed leggja premissane for deltakinga på landsmøtet. At dette møtet ikkje var eit roleg møte, tyder partistyremøtet som kom i etterkant den 18. mai på. Her blei det vedtatt mot 3 røyster å løyva pengar til trykking av programforslaget. Til denne saka protokollførte bystyrerepresentanten O.J. Årreberg si

prinsipielle usemje i at ein gjorde noko som helst. I tillegg gjekk altså formannen Natvig - Pedersen ut mot personlege oppgjer av den typen som kom til uttrykk på det siste medlemsmøtet og meinte slikt heller burde bli tatt i partistyret. Noko meir konkret står det ikkje i protokollen, men det verkar sannsynleg at det kan ha komme til eit opptrinn. I protokollen heiter det vidare: "Det måtte desuten påtales at en enstemmig innstilling fra representantskapet til medlemsmøtet blev revet i stykker av sistnevnte uten at noen av partistyrets medlemmer fant sig opfordret til å forsvare innstillingen"⁷. Dermed verkar teorien om opptrinnet sannsynleg. Kampen om programrevisjonen ga seg altså ikkje bare ideologiske utslag, men og fysiske. Så langt har me sett at dette skjedde gjennom ein maktkamp mellom aktive AUF-medlemmar og Eyvin Dahl på den eine sida og veteranar som mellom anna hadde vore lenge med i partiet og bystyret på den andre sida.

LANDSMØTET OG DEBATTEN DER

Til landsmøtet i Arbeidarpartiet i 1933 la slik partilaget frå Stavanger fram eit alternativt prinsippprogram. Programmet blei diskutert på landsmøtet, i tillegg til at det som me har sett, hadde vore omdiskutert i Stavanger. Målet i denne delen skal dermed vera å få kartlagt følgjande: Kva gjekk diskusjonen rundt dette framlegget ut på, og kven tok ordet?

Martin Tranmæl var den som heldt innleiingsforedraget i debatten om prinsippprogrammet. Eit poeng for han tidleg i innlegget var at det framlegget til prinsippprogram som her låg føre, var eit resultat av "kollektivt arbeide fra partiets forskjellige instanser..."⁸. Derfor sa Tranmæl at

innstillinga frå landsstyret var samrøystes. Samtidig viste han til at dette framlegget til prinsippprogram var bygt på samlingsprogrammet frå 1927. Tranmæl hevda at det overordna målet framleis var det klasselause sosialistiske samfunnet, og dette blei slått fast i programmet, sa han. Vidare heldt han fram at det måtte stå eit reelt fleirtal bak ein sosial revolusjon. Programmet var altså bygt på marxismen, meinte Tranmæl, og det hadde ein marxistisk analyse av den økonomiske utviklinga i ulike næringsgreiner. Tranmæl såg det elles som ei oppgåve å styrka statleg og kommunal næringsdrift, i tillegg til at ein gjekk inn for auka kontroll over private foretak. Dette hevda han gjekk i forkant av maktovertaking, der ein skulle bygga opp ein statssosialisme og deretter “organisk utvikle den vidare til en fri socialistisk ordning”. Han la her vekt på at organisasjonane skulle vera grunnlaget for gjennomføring av kampen. Elles viste han til at programmet tok avstand frå vald, eller som han sa: “Voldstanken virker i sig selv oppløsende og forrænde”. Likevel sa han og det at han ikkje trudde at kapitalistklassen ville gi makta frå seg frivilleg, og dermed kunne vald bli aktuelt. I denne samanhengen gjekk han inn på faren frå fascismen og sa han såg nytten av fysiske forsvarsorganisasjonar, sjølv om Høgsterett hadde dømt arbeidervernet ulovleg. Likevel måtte ein kunna finna tenlege former, heldt han fram. Kampen måtte vera målbevisst; ein måtte halda seg til realitetane og ikkje driva med politikk i sportslege former, sa han. Vidare poengterte han at dei gamle statsorgana var utilstrekkelege. Tranmæl gjekk altså inn for at ein måtte skapa nye organ på det han kalla “arbeidslivets grunn”. Han hevda dette hadde å gjera med ideen om rådsforfatning, men han såg det ikkje som nødvendig å gå nærare inn på forma. Han tok ikkje avstand frå diktaturet, men sa

at dette ikkje passa i Noreg. Om han støtta arbeidar-klassen i Sovjet, måtte ein her i landet bygga på eigne føresetnader. Til slutt kommenterte han arbeidsprogrammet og la her vekt på det viktige i reduksjon av arbeidsløysa, kontroll, regulering, sosialisering i statlege bedrifter. Elles gjentok han at det var viktig å mønstra massane. Tranmæl var altså åpen for den program-revisjonen som her skulle komma, men gjekk framleis inn for ei form for revolusjon. Kanskje hadde han og tenkt å verka diplomatisk, og at han skulle verka imøtekommande overfor dei opposisjonelle frå Stavanger. Han heldt elles mot slutten av foredraget sitt fram at Det norske Arbeidarparti var det første av arbeidarpartia som gjekk inn for generalstreik mot krig, og han var framleis for dette.

Etter denne innleiinga starta debatten. Første talar etter Tranmæl var Eyvin Dahl frå Stavanger. Han sa han gjekk god for det meste Tranmæl sa i innlegget sitt, men han ville få gje uttrykk for ei anna oppfatting vedrørende prinsippprogrammet. For han skulle prinsippprogrammet vera ei erklæring om “det mål partiet har satt sig, og om på hvilken måte det akter å komme frem til det, ...” - det måtte altså vera utan kompromiss og ikkje vera til å misforstå. Ut frå dette var det så han hevda at landsstyret sitt framlegg var for vagt, eller som han sa, så var det “for lite konsist; det fyller ikke Lenins bud om at et program skal være slik avfattet at enhver vaskekone skal kunne forstå det.” Etter dette gjekk han så over til å lesa opp framlegget til prinsippprogram frå dei venstreradikale i Stavanger.

Nestemann på talarstolen var Olav Schefflo frå Kristiansand. Schefflo kan og seiast å vera ein venstre-

opposisjonell i partiet, ikkje minst fordi han var med på å skipa NKP i 1923. Han kom til å bli god venn med Trotskij då han kom til Noreg, og han delte nok mye av tankegodset hans. Han hevda i innlegget sitt at arbeidsprogrammet som låg føre var uskikka som valprogram, men han ga ros til prinsippprogrammet. Sjølv føreslo han ei kosmetisk endring vedrørende plassering av passusen med støtte til Sovjet, og elles at ein skulle oppmoda til arbeid og medlemskap i Bygdefolkets Krisehjelp. Scheflo var altså kritisk til arbeidsprogrammet, men nemnte som me her ser, ingenting om dei to føreliggande framlegga til prinsippprogram. Tvert om ser det ut til at han godtok og støtta framlegget frå landsstyret.

Etter Scheflo kom Ole Øisang med ein replikk til Eyvin Dahl. Han sa han ikkje trudde Dahl sitt forslag var så konsist som Dahl sjølv ville ha det til, men karakteriserte det heile som anstrengt radikalisme. Øisang hevda at ein kunne ikkje føregripa forfatningsforma, og vidare påstod han at det var ting ved framlegget som var “positivt uriktig og forflatet”. Han spurte retorisk om Dahl trudde det gjekk an å kapprusta med den kapitalistiske staten, og han konkluderte med at Stavanger-forslaget ville vera ei “forkludring av programhandlingen”.

Etter Øisang kom A. Frisak, som var utsending frå Telemark, med eit kort innlegg der han sa han såg

Stavanger-forslaget som eit skritt i rett retning for å forklara kva sosialisme eigentleg er. Han ville ha laga ein brosjyre om dette og såg nok formuleringane frå Stavanger-representantane sitt framlegg som noko som kunne brukast i ein slik samanheng.

Seinare i debatten kom den leiande venstreopposisjonelle frå Oslo, Haakon Meyer (han blei rekna som trotskist, men under okkupasjonstida gjekk han over i NS), som utan å nemna framlegget frå Stavanger, sa han ikkje tok avstand frå diktaturet, i det han og heldt fram at dei parlamentariske organa ikkje var tilstrekkelege. Deretter kom Ole Colbjørnsen som sa det om forholdet mellom diktatur og demokrati at ein ikkje kunne avgjera dette på grunnlag av klassisk marxisme og heldt fram at i Sovjet stod leiarane ferdige til å brennemerka alle “som ikke vil følge blindt den samme vei”. For Colbjørnsen var det ikkje viktig å ri kjepphestar, og han ville derfor bagatellisera betydninga av prinsippprogrammet og heller leggja større vekt på arbeidsprogrammet. Dette innlegget kan tolkast slik at det hadde brodd mot både Eyvin Dahl og Haakon Meyer, sjølv om Dahl sitt namn ikkje blei nemnt her. Men Colbjørnsen viste seg tydeleg nok som motstandar av diktatur.



Martin Tranmæl
Foto: ArbArk

Deretter kom det eit innlegg av Finn Moe, som kort

kritiserte Stavanger-forslaget med å hevda at ordlyden var så lik at det nesten ikkje var avvik mellom dei to framlegga. Halvard Lange var den første som hadde ordet då debatten heldt fram neste dag, laurdag 27. mai. Han gjekk og mot Stavanger-forslaget og sa han ikkje trudde ein kunne bygga kampen om makta på fysiske forsvarsorganisasjonar. For Lange var det slik at bruken av demokrati ikkje utelukka utanomparlamentariske aksjonar. Partiformannen Oscar Torp hadde deretter eit lengre innlegg der han og starta med å kritisera Eyvin Dahl og ordbruken hans. Han gjekk særleg mot skuldingar Dahl hadde komme med om at programkomiteen satt som “durkdrevne kortspillere” og lurte kvarandre. Torp hevda dei tvert om hadde eit godt samarbeid, der dei fekk med det vesentlege, og vidare hevda han at størstedelen av medlemsstokken hadde vore med. Demokrati karakteriserte han elles som noko fiktivt, men han slo fast at for grupper ein måtte ha med for å gjennomføra eit reelt folkestyre, betydde dette mykje. I tillegg ga han eit spark til både Dahl og Haakon Meyer for at dei trudde at forholda i Sovjetunionen utan vidare kunne overførast til Noreg. Seinare kom og Arnfinn Vik med eit angrep på Stavanger-forslaget. Han hevda at ved å halda på programmet frå Stavanger, ville ein pressa fleirtalet over til høgre fordi folk ville gjennom dette ta avstand frå partiet. Elles la han og vekt på arbeidsprogrammet og poengterte det viktige i å få dei unge med. Han kom elles med denne formuleringa: ”En spør ikke efter former, men efter utveier til løsning av krisen og det økonomiske kaos.”

Etter ein del debattantar som ikkje sa noko spesielt om desse tinga, kom Eyvin Dahl opp på talarstolen igjen. Han gjekk her i rette med Øisang og hevda han ikkje beviste

kva som var uklart med programframlegget frå Stavanger. Vidare sa han at ordet “marxisme” kunne bli tolka på fleire måtar og viste til dei sosialdemokratiske regjeringane i nabolanda som ikkje hadde løyst det ein i Noreg forstod som sosialisme, og i tillegg meinte han at det same galdt England. Han angreip vidare Øisang for å vera mot arbeidarvern og viste til at Tranmæl trudde det kunne ha noko for seg. Elles sa han beint ut at det måtte då vera demokratisk å tillata avvikande oppfatningar i partiet. Til slutt sa han at han gjekk inn for å avskaffa det borgarlege statsapparatet om ein skulle få til å “forankre makten der hvor vi vil at den skal legges”.

Nestformannen i partiet på denne tida, Magnus Nilssen, heldt deretter fram at programkomiteen hadde arbeid seriøst, og han trudde at Dahl såg den sosialistiske erkjenninga i programmet. Fredrik Haslund, som var sekretær i stortingsgruppa frå 1936⁹, følgde opp med å seia at han syntest at Stavanger-forslaga var bortkasta, og at prinsippprogrammet var så klart som ein kunne få det. Deretter kom det ein annan forsvarar av Stavanger-forslaget, fagforeningsmannen Ommund Ommundsen frå Stavanger. Han hevda skilnaden mellom Stavanger-forslaget og det frå landsstyret var at det frå landsstyret var innpakka i “vatt og bomull”, mens Stavanger-forslaget førte “åpent visir”. Han meinte det ikkje var noko mål utelukkande å driva parlamentarisk politikk, og han hevda at motstanden mot Stavanger-forslaget låg i at forslaget måtte innebera eit skifte av leinga i partiet. Seinare kom Olaf Lind frå Oslo og gjekk inn for at ein framleis måtte gå inn for proletariatets diktatur, men han nemnde ikkje Stavanger-forslaget.

Journalist i 1ste Mai, Olav Emil Wold, som også var aktiv i AUF i Stavanger, var den siste av talarane som leverte eit forsvar for Stavanger-forslaget. Han meinte ein måtte ha eit klart prinsippprogram før ein blei enig om midlane, og han var i følgje seg sjølv blitt meir overtydd om at det var rett å leggja fram det alternative programmet.

Til slutt kom Tranmæl på talarstolen igjen. Han heldt fram det at behandlingsmåten hadde vist at ein hadde ønskt å ha flest muleg av medlemmane med i drøftingane og utforminga. Han retta eit spark til representantane frå Stavanger: "Derfor kommer det som det nu klages over av Stavangerrepresentantene noget post festum. Det er også politikk i sportslige former, og derfor går det hus forbi. Det må de føle selv." Deretter var det tid for avrøysting. Av ein eller annan grunn står ikkje det nøyaktige resultatet av avrøystinga i referatet, bare at landsstyret si innstilling blei "vedtatt mot nogen få stemmer". Kva som ligg i dette er noko uklart, men det kan tyda på at færre enn ti røysta for. I så fall er det tenkjeleg at ikkje alle frå Stavanger røysta for dette. I tillegg har enkelte utsendingar frå andre partilag støtta dette. Forfattaren Sigurd Evensmo fortel at han var mellom dei som røysta for programmet frå Stavanger.¹⁰ Evensmo rekna Dahl som talsmann for dette programmet, og han fortel vidare at forslaga hans blei "valset ned med overveldende flertall."¹¹

Stavanger Arbeidarparti sitt framlegg tapte altså på dette landsmøtet, noko som vel heller ikkje var uventa. Som me har sett, var heller ikkje alle frå Stavanger med på at dette framlegget skulle bli lagt til grunn, og i tillegg trudde redaktøren i 1ste Mai i forkant av dette at det kom til å gå slik det gjekk. Dermed kan ein rekna med at andre enn Eyvin Dahl hadde god kontakt med partiet sentralt.

KVA KAN ME SEIA OM DEI SOM TOK ORDET?

Me har her sett at fleire sentrale personar i Arbeidarpartiet tok ordet og gjekk til åtak på Eyvin Dahl og det framlegget han presenterte til prinsippprogram. Tungvektarar som Tranmæl og Torp blei nok lytta til, og kan nok også ha medverka til at folk som kunne tenka seg å støtta programmet frå Stavanger, ombestemte seg og støtta det som kom frå landsstyret. I tillegg ser me at verken Natvig-Pedersen, Tjøl Oftedal eller veteranen Nils Norheim, alle frå Stavanger, tok ordet i denne debatten. Norheim var elles medlem av landsstyret, men ingenting tyder på at han der tok dissens til fordel for det alternative programmet frå Stavanger då prinsippprogrammet blei behandla¹².

Sjølv om Natvig - Pedersen var formann i lokalpartiet, var det ikkje han som la fram dette programforslaget på landsmøtet, men den som i størst grad hadde gått inn for dette i lokalpartiet, Eyvin Dahl. Natvig - Pedersen tok faktisk ikkje ordet i debatten i det heile tatt, noko som vel kan ha ført til at når folk som Martin Tranmæl, Ole Øisang, Oscar Torp, Arnfinn Vik og Magnus Nilssen kritiserte dette programforslaget, blei kritikken adressert til Dahl. Natvig - Pedersen kunne ikkje, som formann i Stavanger Ap, gå åpent ut mot eit vedtak fatta av hans eige lokalparti utan at dette ville svekka hans posisjon som partiformann. Natvig - Pedersen var altså lojal mot mandatet frå medlemsmøtet i Stavanger, samtidig som han var taktisk nok til ikkje å la seg ramma av kritikk mot eit vedtak han sjølv ikkje var for. Det ein vel iallfall kan få ut av dette, er at ved at Natvig - Pedersen unnlot å tala for dette venstreradikale programframlegget, blei ikkje hans autoritet som partiformann sett bak dette, og dermed blei

det oppfatta av det øvrige landsmøtet som Dahls verk. Det er også muleg at han gjekk på gangen og dermed avstod frå å røysta¹³. Landsstyret si innstilling blei iallfall som nemnt, vedtatt "mot nogen få stemmer". Slik kan ein hevda at Natvig - Pedersen fekk det som han ville og kunne altså vera lojal både mot lokalpartiet og partiet på landsbasis.

På landsmøtet var det få som støtta Dahl. Det var Dahl som la fram dette programmet, og som i hovudsak forsvarte det. Andre som var i opposisjon til programframlegget frå landsstyret, støtta ikkje Stavanger-forslaget åpent. Det fanst opposisjonelle både frå Kristiansand, Oslo og Rjukan som kritiserte delar av framlegget frå landsstyret, men ingen av dei la fram eit alternativt program, og nesten ingen ga uttrykk for at dei ville støtta framlegget som Eyvin Dahl forsvarte. Av utsendingane frå Stavanger var det kun to andre som i innleggs form støtta Dahl på landsmøtet, nemleg AUF-aren Olav Emil Wold og fagforeningsmannen Ommund Ommundsen. Begge desse skulle elles seinare ta avstand frå Dahl. Etter at programforslaget frå Stavanger var nedstemt, tok Dahl opp ein del enkeltforslag som han ville ha inn, men han fekk aldri meir enn 15 stemmar for framlegga sine.

Konsekvensar

For dei venstreopposisjonelle frå Stavanger Arbeidarparti innebar altså hendingane i 1933 at dei kom i eit fleirtal lokalt, men tapte på landsmøtet. Vidare oppstod det ein krangel internt, noko som førte til at Eyvin Dahl til neste årsmøte gjekk ut av vervet som nestleiar. På årsmøtet 21. februar 1934 nekta iallfall Eyvin Dahl å ta attval til styret, og han var heller ikkje med i innstillinga. Frå salen kom

det framlegg om likevel å velja Dahl inn på nytt, noko som førte til at formannen Natvig - Pedersen føreslo at om så skulle skje, måtte det og veljast ny formann. Litt kort kan det seiast at etter ein del diskusjon blei Dahl valt inn på ny til styret, men kom då kanskje i ein posisjon der han ikkje arbeidde så tett på Natvig - Pedersen som før. Forøvrig hadde Dahl i årsmeldinga som blei levert frå barnelaget, klagt over at eldre partimedlemmar heller sendte barna sine på søndagsskolen enn i partiet sitt barnelag. Det er ikkje godt å seia om det er nokon samanheng her, men det er heller ikkje utenkeleg. Konsensus om det alternative venstreradikale programmet var det ikkje.

Natvig - Pedersen stilte altså eit ultimatum, noko som vel også bidrog til å gjera motsetningane mellom Dahl og Natvig - Pedersen tydelege. Utgangen på det heile blei i denne omgang eit slags kompromiss, der desse to måtte leva med einannan, noko som enkelte i ettertid kanskje vil oppfatta som litt rart.

Til stortingsvalet i 1933 fekk partiet framgang i Stavanger, i det det fekk 41 prosent av røystene dette året.

Framgangen var faktisk større enn i andre byar, men partiet var likevel mindre enn gjennomsnittet, i det prosenttalet for byar på landsbasis var 46. Partiet i Stavanger fekk altså lågare oppslutning enn det partiet fekk i gjennomsnitt for byar på landsbasis, og det blei ikkje stort nok til å erobra noko nytt mandat. Dermed var det framleis mange frå arbeidarklassen som stemte med eit borgarleg parti, i det valdeltakinga i Stavanger var på 84 prosent, mot 82 prosent for byar på landsbasis. Dette verkar sannsynleg på grunn av at ved dette valet fekk Venstre 28 prosent i Stavanger mot 13 prosent i byane på

landsbasis, mens NKP fekk 1 prosent mot 3 prosent i byane på landsbasis¹⁴. Med andre ord verkar det sikkert at ein del potensielle arbeidarpartiveljarar framleis heller gjekk til Venstre enn til kommunistane. I tillegg er det klart at Stavanger Arbeidarparti ikkje blei så stort som partiet på landsbasis, og det er ikkje utenkeleg at venstreopposisjonen i partiet var ei årsak til dette. Meir sannsynleg er nok likevel det Edvard Bull seier om dei politiske forholda i landet. Han viser til at Rogaland var eit av dei sterkaste fylka for Høgre og Venstre og antydar at ein kan snakka om ein vestnorsk sentrumstradisjon, sjølv om arbeidarrørsla stod sterkare i byane enn på bygdene. I dette området stod også dei lågkyrkjelege rørslene og misjonsforeningane sterkt og utgjorde eit viktig veljargrunnlag for Venstre på grunn av opposisjonen mot at staten var herre over kyrkja. Med andre ord var livssyn viktig når ein gjekk til valurna, og sjølv om stemmetala til arbeidarpartia auka også i Rogaland, var kanskje ikkje alle dei potensielle arbeidarpartiveljarane trygge på kor desse partia stod i denne saka¹⁵.

[1] Sekretærprotokoll Stavanger Sosialistlag, 16. 12.32.

[2] Sekretærprotokoll Stavanger Ap., styremøte og representantskapsmøte 10.5.33, samt medlemsmøte 15.5.33.

[3] Ibid, 15. mai 1933.

[4] Forhandlingsprotokoll for Stavanger Sosialistlag.

[5] 1ste Mai, 30.3.33.

[6] Ibid

[7] Sekretærprotokoll frå Stavanger Ap. Sitatet er sannsynlegvis ein parafrase over eit innlegg av Natvig - Pedersen

[8] Sitata i denne delen er frå landsmøteprotokollen der anna ikkje er oppgitt

[9] Pryser 1988, s. 73

[10] Sjå t.d. Haakon Lie: *Loftsrydding*, 1980, s.239 - 40 og Sigurd Evensmo: *Inn i din tid*, 1976, s.21-22, *Skau fjord* 1977, s. 90, der det blir hevda at 13 utsendingar røysta for det venstreradikale framlegget frå Stavanger.

[11] Evensmo 1976, s. 22

[12] Johan Nygaardsvold fortel i dagbøkene sine at Norheim var «svær til å prate», men han tok ikkje dissens i denne saka på landsstyremøtet.

[13] Mistanken om dette blir styrkt gjennom at Eyvin Dahl på styremøte 7.6.33

starta ein diskusjon om landsmøtet.

[14] Tala er henta frå *Øidne* 1988, s. 178.

[15] *Bull* 1979, s. 196 - 203.

LITTERATUR.

Berntsen, Harald: (red): Johan Nygaardsvold: Dagbøker 1918 - 52 og utvalgte brev og papirer 1916 - 52, Oslo 1998.

Bull, Edvard: Klassekamp og fellesskap 1920 - 45, Oslo 1979

Haaland, Anders: "Industribyen Stavanger?", s. 257 - 259 i Stavanger mellom sild og olje, bind II, Stavanger 1988

Johnsen, Bodil Wold: "Politisk strid og kriseforlik", s.71 - 147 i Stavanger mellom sild og olje, bind II, Stavanger 1988

Kjeldstadli, Knut: "Arbeider, bonde, våre hære..." Arbeiderpartiet og bøndene 1930 - 1939, magisteravhandling i historie, Oslo 1978

Lie, Haakon: *Loftsrydding*, Oslo 1980

Maurseth, Per: Gjennom kriser til makt 1920 - 1935, bind 3 i Arbeiderbevegelsens historie i Norge, Oslo 1987

Pryser, Tore: Klassen og nasjonen, bd. 4 i Arbeiderbevegelsens historie i Norge, Oslo 1988.

Oftedal, Tjøl: *Fra barndom til alderdom*, , utrykt manus, Stavanger 1965, Byarkivet i Stavanger.

Skau fjord, Terje: Venstreopposisjonen i Det Norske Arbeiderparti 1933 - 1940, hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 1977

Øidne, Gabriel: "Stavanger i valg", s. 147 - 195 i Stavanger mellom sild og olje, bind II, 1988

KJELDER

1ste Mai, 1932 - 40, og enkelte nr. seinare.

Landsmøteprotokoll for DNA 1933, Arbeiderbevegelsens arkiv i Oslo

Sekretærprotokoll for Stavanger Arbeiderparti 1933 - mars 1938, fotostatkopi, Stavanger Byarkiv

Sekretærprotokoll for Stavanger Sosialistlag 1932 - 1940, fotostatkopi, Stavanger Byarkiv

Sekretærprotokoll for Østkanten Arbeiderungdomslag 1932 - 1938, Statsarkivet i Stavanger

7. Jahrgang Nr.1

1964

PRAKLA

SEISMOS

RUNDSCHAU

Tyske Praklas flaggskip Prospekta driver seismiske målinger i Nordsjøen i 1964-sesongen. Rundschau var Prakla-Seismos' bedriftsblad.

